**Fra:** Dina Johanne Lefdal [dina.lefdal@sfj.no]
**Til:** Inge Horstad [Inge.Horstad@sfj.no]
**Kopi:**

**Sendt:** 20.10.2017 08:14:27
**Emne:** VS: Innspel Sognebåten
**Vedlegg:** image001.png

Registrerer du denne i Esa? Reknar med den tilhøyrer saka om endestogg.

Dina

---

**Fra:** Hallvard Oppedal [mailto:Hallvard.Oppedal@gulen.kommune.no]
**Sendt:** torsdag 19. oktober 2017 17:54
**Til:** Dina Johanne Lefdal <dina.lefdal@sfj.no>; øystein Hunvik <Oystein.Hunvik@sfj.no>
**Kopi:** Noralv Distad <Noralv.Distad@sfj.no>; Morten Askvik <Morten.Askvik@hyllestad.kommune.no>; Gunn åmdal Mongstad <Gunn.Amdal.Mongstad@solund.kommune.no>; Petter Sortland <petter.sortland@hoyanger.kommune.no>; Harald Offerdal <Harald.Offerdal@balestrand.kommune.no>; Reidun Halland <Reidun.Halland@gulen.kommune.no>
**Emne:** VS: Innspel Sognebåten

Hei.

Viser til møte i Leikanger den 06.10. om Sognebåten, der de bad om skriftlege innspel innan 20.10
Eg viser til tidlegare innspel frå Gulen kommune, og sender det på nytt. Eg har i tillegg teke med eit avsnitt om takstane.

Med venleg helsing
**Hallvard Oppedal**
Ordførar
Tlf: 57782002 Mob: 41513958
--------------------------------------------------------------------------
**Gulen kommune,** Eivindvikvegen 1119, 5966 EIVINDVIK
Tlf: 57782000 www.gulen.kommune.no

Ny informasjonsbrosjyre for Gulen:

http://www.visbrosjyre.no/gulen_kommune/WebView/

**Fra:** Hallvard Oppedal
**Sendt:** 19. oktober 2017 17:12
**Til:** Hallvard Oppedal <Hallvard.Oppedal@gulen.kommune.no>
**Emne:**

Høyring
Innspel om endringar i rutetilbodet med ekspressbåtane Sogn – Bergen.

Viser til brev frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune datert den 31.03.2017 med høyring av ei eventuell endring av rutetilbodet på ekspressbåtane Sogn – Bergen.
Tiltaka går med anna ut på:
Ekspressbåten Sogndal – Bergen (Sognebåten)

Flytte endestoppen frå Sogndal til Flåm

Flytte endestoppen frå Sogndal til Flåm

Heile eller delar av året

Ekspressbåten Bergen - Flåm

Utvide skuldersesongen med ein månad i kvar retning
(april – oktober)

Gulen kommune er positive til desse endringane. Då særleg forslaget med å utvide skuldersesongen med ein månad i kvar retning.
Mange av turistane til kommunen kjem frå Bergen, og ei utviding av sommarrutene i begge endar vil føre til større mogelegheiter til å vitje våre tilbod.
Ei utviding av skuldersesongen vil også vere ein stor fordel for våre elevar i vidaregåande skule som har valgt Sogndal som skulestad. Ekspressbåten er den klart beste reisemåten for våre elevar. Med ruter begge vegar både morgon og kveld
vert dette eit vesentleg betre tilbod.
Gulen kommune støttar dei endringane som her er føreslege. Det er sjølvsagt ein føresetnad at i det utvida rutetilbodet så ligg stoppa i Gulen inne.
Når det gjeld forslaget om å flytte avgangen frå Bergen om kvelden fram ein halv time til kl.16.00 så vil Gulen kommune gå imot ei slik endring.

Når det gjeld takstharmonisering med Nordfjordbåten, så verkar dette negativt inn på det arbeidet som no vert gjort med å få opp passasjertala på Sognebåten. Ein auke i takstane på 26% frå Lavik vil føre til at båten ikkje er ein alternativ reisemåte i forhold til ekspressbuss. Vi håpar fylkeskommunen kan sjå på dette på nytt, og finne løysingar som ikkje går ut over passasjergrunnlaget på Sogn.

Mvh
Hallvard Oppedal, ordførar

Hallvard Oppedal, ordførar